



Vang kommune

Eldrerådet

Møteprotokoll

Møtedato: 19.05.2026
Møtetid: Kl. 10:00 - 12:30
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn

Frammøte

Gunveig Irene Holien
Kari Bø Wangenstein
Knut Haalien
Inga Bøe

Parti

AP

Forfall

Berit Nefstad
Ove Trøen
Asgrim Opdal

Parti

BIV

Varamedlem møtte

Boye Tomas Thorpe

Parti

Møtenotater:

Orienteringar:

- Årsmelding og årsrekneskap 2025 v/ Ole Martin Alfstad kl.10.30

Andre orienteringar og viktige beskjeder frå nestleiar i rådet:

- Levande lokalsamfunn - kort orientering om arbeid og aktivitetar framover
- SeniorUno - status for gjennomførte og planlagde samlingar
- Omsorgsboligar - status etter møte om detaljplanlegging av boligane
- Felles eldredag for Valdres - status og vidare vurderingar av felles arrangement
- Endring av møtedato for neste eldreråd - behov for endring av møtedato grunna planlegging av eldredagen
 - Flyttes til tysdag 1.september
- Budsjett 2026 – status i saka og vidare behandling

Sakliste**Sak nr.**

004/26

005/26

006/26

Sakstittel

Godkjenning av møteprotokoll

Årsmelding og årsrekneskap for 2025

Samlesak for referatsaker

004/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

19.05.2026 Eldrerådet

Behandling

Rette opp ein skrivefeil i protokollen.
Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

EL - 004/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

005/26 Årsmelding og årsrekneskap for 2025

Framlegg til vedtak:

- Råd og utvalt tek årsmelding og årsmelding til vitande
- Formannskapet sin innstilling til kommunestyret er :
 - a. Årsrekneskapen for 2025 for Vang kommune blir vedteken
 - b. Årsmelding for 2025 for Vang kommune blir vedteken

19.05.2026 Eldrerådet

Behandling

Positivt å sjå at det blir arbeida med sjukefråvær og at det gjer resultat.
Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

EL - 005/26 Vedtak:

Råd og utvalt tek årsmelding og årsmelding til vitande

006/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

19.05.2026 Eldrerådet

Behandling

Framlegg til vedtak: Samrøystes vedteke

Levande lokalsamfunn:
Neste møteplass 4.juni, med tur til Borgund.

Eldredagen:

Eldrerådet viser til at det i eit møte med representantar frå dei kommunale eldreråda i regionen vart drøfta å søkje midlar til ei felles regional eldredag. I førre møte i eldrerådet vart rådet samde om at

det skal arrangerast eldredag i eigen kommune. Det er naturleg at pensjonistlaget og eldrelaget samarbeider om gjennomføring av eldredagen. Vidare bør det undersøkast om delar av midlane som eventuelt blir søkt om til regionalt arrangement, kan nyttast til eldredag i Vang.

Kort oppsummering frå møte om omsorgsbustader:

Eldrerådet vart orientert om eit møte i ei fagleg gruppe knytt til planlegging av omsorgsbustader. Ein representant frå eldrerådet deltok i møtet. Det vart drøfta fleire detaljar knytt til utforming av bustadene, mellom anna tilrettelegging av bad og kjøkken, plass rundt seng og for hjelpemiddel, samt vurderingar knytt til dørbreidde og tersklar. Det vil bli utarbeidd eige referat frå møtet.

Endring av møtedato for neste eldreråd:

Flyttes til tysdag 1.september

Budsjettjustering for eldrerådet vil bli lagt fram for kommunestyret til behandling i juni.

EL - 006/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering